

---

**Seljord kommune**

---




**HANDLINGSPLAN FOR  
EIT TRYGT OG GODT SKULEMILJØ  
I SELJORDSKULEN**



**Revidert 12.2.2020**

## Innhold

Innleiing .....	3
Om lovgrunnlaget.....	4
Merknad til §§9A-1, 9A-2 og 9A-3. ....	4
Merknad til §9A-4. ....	5
Merknad til 9A-6. ....	6
Merknad til §9A-8. ....	7
Merknad til §9A-9. ....	8
Merknad til §§ 9A-11, 9A-12, 9A-13 og 9a-14. ....	9
Lokal handlingsplan for arbeid med eit trygt og godt skulemiljø .....	10
Arbeidet med å skape eit godt læringsmiljø .....	11
Skulehelsetenesta .....	16
Korleis avdekke krenkande åtferd/mobbing?.....	16
Handlingsplan.....	17
Nyttige ressursar og materiell.....	27
Litteratur.....	28
Diverse materiell .....	30
Pedagogiske hjelpemiddel - vedlegg.....	31



## Innleiing

### Frå regelverk om skulemiljø.

Alle elevar har rett til å ha eit trygt og godt skulemiljø som fremjar helse, trivsel og læring. Det er elevane si eiga oppleving av korleis dei har det på skolen, som er avgjerande. Krava i lova seier at:

Skulen skal

- følgje med på at elevane har det trygt og godt på skolen
- gripe inn og stoppe det med ein gong, dersom det er mogleg
- seie frå til rektor
- undersøkje det som har skjedd
- lage ein plan med tiltak

Den lokale handlingsplanen er sist revidert vinteren 2020.

I kommuneplanen, overordna del, står fylgjande:

*"Grunnskulen skal arbeide for å stimulere elevane til samfunnsengasjement, gje dei kunnskap, gode arbeidsvanar og god framferd."*

Av handlingsplan for undervisningssektoren i Seljord kommune går det fram at:

**"Skulen skal ivareta elevane sitt omsorgsbehov og sørgje for at dei føler seg trygge på skulen."**

#### **Tiltak:**

- Kvar skule skal ha ein plan for haldningsskapande arbeid.
- Elevane skal opparbeide forståing for andre menneske og ulikskapane skal vere ei styrke for skulemiljøet og samhandlinga.
- Skulane skal ha særskilte tiltak mot mobbing.
- Fysisk aktivitet skal vere ein del av eleven sin daglege skulegang.
- Den sosialpedagogiske funksjonen til skulen må ivaretakast.
- Skulemiljøet skal tilretteleggjast for elevar med ulike funksjonshemmingar.

### **Grunnskulen i Seljord kommune legg vekt på:**

- at vi arbeider kontinuerleg, langvarig og systematisk med elevane sitt skulemiljø
- at skulen, elevane og føresette samarbeider om det førebyggjande og haldningsskapande arbeidet
- at tydeleg leiing er grunnleggjande for å førebyggje, avdekke og handtere krenkande ord og handlingar
- at alle tilsette ved skulen har handlingsplikt til å undersøke, varsle og gripe inn dersom dei får kunnskap eller mistanke om at ein elev blir utsett for krenkande åtferd.
- at vi lukkast i arbeidet vårt gjennom lokale tiltak og evne til kommunikasjon og samarbeid

Målet er at elevane i Seljord ikkje skal bli utsett for krenkande ord eller handlingar som mobbing, vald, diskriminering, vald, rasisme eller utestenging på skulen, SFO eller på skulevegen.

### **Om lovgrunnlaget**

Kapittel 9A er å oppfatte som elevane sin arbeidsmiljølov. Seljord kommune meiner det er viktig at alle tilsette i skulen er godt kjent med lovgrunnlaget slik at dei kan realisere eleven sin rett til eit trygt og godt skulemiljø på best mogleg måte. Denne planen kan og brukast av foreldre og elevar og skape felles forståing for det arbeidet som blir gjort i møtet mellom skule og heim. Fyrste del av planen er difor ei oppramsing av sjølve lovgrunnlaget i kapittel 9A med enkelte merknader til nokre av paragrafane. Seljord kommune håpar at denne oppbygginga fører til betre lovforståing og praktisering.

#### ***§ 9A-1 Verkeområde for kapitlet.***

"Kapitlet her gjeld for alle elevar i grunnskolen og den vidaregåande skolen. Kapitlet gjeld og for elevar som deltek i leksehjelpordningar og i skolefritidsordningar, med unntak av av §§ 9A-10 og 9A-11."

#### ***§ 9A-2 Retten til eit trygt og godt skulemiljø.***

"Alle elevar har rett til eit trygt og godt skulemiljø som fremjar helse, trivsel og læring"

#### ***§ 9A-3 Nulltoleranse og systematisk arbeid.***

"Skolen skal ha nulltoleranse mot krenking som mobbing, vald, diskriminering og trakassering. Skolen skal arbeide kontinuerleg og systematisk for å fremja helsa, miljøet og tryggleiken til elevane, slik at krava i eller i medhald av kapitlet blir oppfylte. Rektor har ansvaret for at dette blir gjort."

### **Merknad til §§9A-1, 9A-2 og 9A-3.**

Med **eit trygt og godt miljø** meiner vi dei mellommenneskelege tilhøva på skulen, det fysiske og psykososiale miljøet og korleis elevane og personalet opplever dette. Miljøet på skulen skal verke positivt på elevane si helse, trivsel, tryggleik og sosial tilhøyrslse. Eit godt og inkluderande læringsmiljø vil påverke læring og utvikling for den einskilde elev. Det påverkar elevane sin sosiale og faglege læring, venskap og deltaking i sosiale og faglege fellesskap,

relasjonar til medelevar og lærarar, klasseleiing, normer og reglar, verdiar, forventningar til læring og det fysiske miljøet på skulen.

Kapittel 9A i Opplæringslova er kalla "elevane sin arbeidsmiljølov" og det er lagt til grunn nulltoleranse mot krenkande opplevingar. Merk at det er den einskilde elev sin subjektive oppleving av skulemiljøet som er utgangspunkt for skulen sin handtering av saken og skulen har ein handlingsplikt. **Alle** som arbeider på skulen skal aktivt fylgje med på om elevane har eit trygt og godt skulemiljø og skal varsle rektor dersom dei får mistanke om eller kjennskap til ein elev ikkje har eit trygt og godt skulemiljø.

### ***§ 9A-4 Aktivitetsplikt for å sikre at elevar har eit trygt og godt psykososialt skulemiljø.***

"Alle som arbeider på skolen, skal følgje med på om elevane har eit trygt og godt skulemiljø, og gripe inn mot krenking som mobbing, vald, diskriminering og trakassering dersom det er mogleg.

Alle som arbeider på skolen, skal varsle rektor dersom dei får mistanke om eller kjennskap til at ein elev ikkje har eit trygt og godt skulemiljø. Rektor skal varsle skoleeigaren i alvorlege tilfelle.

Ved mistanke om eller kjennskap til at ein elev ikkje har eit trygt og godt skulemiljø, skal skolen snarast undersøkje saka.

Når ein elev seier at skulemiljøet ikkje er trygt og godt, skal skolen så langt det finst eigna tiltak sørgje for at eleven får eit trygt og godt skulemiljø. Det same gjeld når ei undersøking viser at ein elev ikkje har eit trygt og godt skulemiljø.

Skolen skal sørgje for at involverte elevar blir høyrde. Kva som er best for elevane skal vere eit grunnleggjande omsyn i skolen sitt arbeid.

Skolen skal lage ein skriftleg plan når det skal gjerast tiltak i ei sak. I planen skal det stå

- kva problem tiltaka skal løyse
- kva tiltak skolen har planlagt
- når tiltaka skal gjennomførast
- kven som er ansvarleg for gjennomføringa av tiltaka
- når tiltaka skal evaluerast.

Skolen skal dokumentere kva som blir gjort for å oppfylle aktivitetsplikta etter første til femte ledd."

### **Merknad til §9A-4.**

Aktivitetsplikt erstattar den tidlegare handlings- og vedtaksplikten i Opplæringsloven. Skulen skal ikkje lengre fatte enkeltvedtak, men raskt få på plass ein skriftleg plan som omhandlar dei fem "**handlingspliktene**". Desse pliktene er individuelle plikter for den enkelte som arbeider på skulen. Fyrste ledd i § 9A-4 presiserer at alle som arbeider ved skulen har plikt til å fylgje med om elevane har eit trygt og godt skulemiljø. Det inneberer ein plikt for den einskilde til aktivt observere korleis elevane oppfører seg aleine og saman med andre. At tilsette fylgjer godt med er ein føresetnad for at dei skal få mistanke eller kjennskap til at ein elev **ikkje** har eit trygt og godt skulemiljø.

Dette føreset at skulen har gode inspeksjonsrutinar, tilsyn i gangar og garderobar, og at det generelt er låg terskel for å bry seg.

### ***§ 9A-5 Skjerpa aktivitetsplikt dersom ein som arbeider på skulen, krenkjer ein elev.***

"Dersom ein som arbeider på skolen, får mistanke om eller kjennskap til at ein annan som arbeider på skolen, utset ein elev for krenking som mobbing, vald, diskriminering og trakassering, skal vedkommande straks varsle rektor. Rektor skal varsle skuleeigaren. Dersom det er ein i leiinga ved skolen som står bak krenkinga, skal skuleeigaren varslast direkte av den som fekk mistanke om eller kjennskap til krenkinga. Undersøking og tiltak etter § 9 A-4 tredje og fjerde ledd skal setjast i verk straks."

### ***§ 9A-6 Fylkesmannen si handheving av aktivitetsplikta i enkeltsaker.***

Dersom ein elev ikkje har eit trygt og godt skolemiljø, kan eleven eller foreldra melde saka til Fylkesmannen etter at saka er teken opp med rektor.

Fylkesmannen skal avgjere om aktivitetsplikta etter §§ 9 A-4 og 9 A-5 er oppfylt. Dersom saka ikkje er teken opp med rektor, eller om det er under ei veke sidan ho vart teken opp, skal Fylkesmannen avvise saka, med mindre særlege grunnar gjer dette urimeleg. Det same gjeld dersom saka ikkje gjeld skolemiljøet på skolen der eleven går når saka blir meldt til Fylkesmannen.

Skolen og skuleeigaren skal utan hinder av lovfesta teieplikt leggje fram alle opplysningar som Fylkesmannen meiner må til for å greie ut saka. Fylkesmannen skal sørge for at involverte elevar blir høyrde. Kva som er best for elevane, skal vere eit grunnleggjande omsyn i Fylkesmannen si saksbehandling.

Kjem Fylkesmannen til at skolen ikkje har oppfylt aktivitetsplikta etter §§ 9 A-4 og 9 A-5, kan Fylkesmannen vedta kva skolen skal gjere for å sørge for at eleven får eit trygt og godt skolemiljø. Det skal setjast ein frist for gjennomføringa av vedtaket, og Fylkesmannen skal følgje opp saka. Fylkesmannen kan vedta reaksjonar etter skolen sitt ordensreglement, jf. § 9 A-10, eller at ein elev skal byte skole, jf. § 9 A-12.

### ***Merknad til 9A-6.***

Skulen har aktivitetsplikt, og §9A-6 kan fungere som ei sikring av eleven sin rett til eit trygt og godt skolemiljø. Det er no oppretta eigne team hos Fylkesmannen som arbeider med kapittel 9-saker. Foreldre kan melde saka vidare til Fylkesmannen ei veke etter at saka er tatt opp med rektor, og Fylkesmannen skal følgje opp saka og fatte vedtak for å sikre at eleven sin rett er ivaretatt. Ein skal likevel merkje seg at rektor ved ein skule kan fatte vedtak som tidlegare i saker der vedtaket er heimla i t.d. skulen sitt ordensreglement.

### ***§ 9 A-7 Det fysiske miljøet***

"Skolane skal planleggjast, byggjast, tilretteleggjast og drivast slik at det blir teke omsyn til tryggleiken, helsa, trivselen og læringa til elevane.

Det fysiske miljøet i skolen skal vere i samsvar med dei faglege normene som fagmyndighetene til kvar tid anbefaler. Dersom enkelte miljøtilhøve avvik frå desse

normene, må skolen kunne dokumentere at miljøet likevel har tilfredsstillende verknad for helsa, trivselen og læringa til elevane.

Alle elevar har rett til ein arbeidsplass som er tilpassa behova deira. Skolen skal innreist slik at det blir teke omsyn til dei elevane ved skolen som har funksjonshemmingar.

Dersom ein elev eller forelder eller eit av råda eller utvala ved skolen der desse er representerte, ber om tiltak for å rette på fysiske miljøtilhøve, skal skolen snarast mogleg behandle saka etter reglane om enkeltvedtak i forvaltningslova. Om skolen ikkje innan rimeleg tid har teke stilling til saka, vil det likevel kunne klagast etter føresegnene i forvaltningsloven som om det var gjort enkeltvedtak."

### **§ 9 A-8 Elevdeltaking i arbeidet med skulemiljøet**

"Elevane skal få ta del i planlegginga og gjennomføringa av arbeidet for eit trygt og godt skulemiljø.

Elevrådet kan nemne opp representantar til å vareta elevane sine interesser overfor skolen og styresmaktene i skulemiljø saker. Dersom det finst eit arbeidsmiljøutval eller liknande organ ved skolen, kan elevane møte med opp til to representantar når utvalet behandlar saker som gjeld skulemiljøet. Representantane skal bli kalla inn til møta med talerett og rett til å få meininga si protokollert. Dei skal ikkje vere til stades når utvalet behandlar saker som inneheld opplysningar som er omfatta av lovfesta teieplikt.

Representantane skal få den informasjonen dei treng, men ikkje opplysningar som er omfatta av lovfesta teieplikt. I den mon det trengst, har dei rett til opplæring for å skjytte oppgåvene og fritak frå undervisninga."

### **Merknad til §9A-8.**

Kvar skule skal syte for at elevane er representert og få kome med aktuelle saker til skulemiljøutvalet. I Seljord har det vore samarbeidsutvaletet ved kvar skule som også fungerer som skulemiljøutval, jf. Opplæringslova §11-1A:

*"...Skulemiljøutvalet skal vere sett saman slik at representantane for elevane og foreldra til saman er i fleirtal.*

*Samarbeidsutvalet kan sjølv vere skulemiljøutval. Når samarbeidsutvalet fungerer som skulemiljøutval, må det oppnemnast tilleggsrepresentantar for elevane og foreldra, slik at dei samla får fleirtal.*

*..Skulemiljøutvalet skal medverke til at skolen, dei tilsette, elevane og foreldra tek aktivt del i arbeidet for å skape eit godt skulemiljø. Skulemiljøutvalet har rett til å uttale seg i alle saker som gjeld skulemiljøet, jf. kapittel 9A."*

Dersom elevar eller foreldre ber om tiltak for å rette på fysiske miljøtilhøve, skal skulen handsame saka etter reglane om enkeltvedtak i forvaltningslova. Fysiske miljøtilhøve i skulen skal vere i samsvar med dei faglege normene som fagmyndigheitene til kvar tid tilrår.

### **§ 9 A-9 Informasjonsplikt og rett til å uttale seg**

"Skolen skal informere elevane og foreldra om rettane i dette kapitlet. Skolane skal òg informere om aktivitetsplikta etter §§ 9 A-4 og 9 A-5 og om høvet til å melde saka til fylkesmannen etter § 9 A-6.

Dersom skolen finn ut at noko ved skulemiljøet kan skade helsa til elevane, skal elevane og foreldra snarast mogleg varslast om det.

Samarbeidsutvalet, skuleutvalet, skulemiljøutvalet, elevrådet og foreldra skal haldast informerte om alt som er viktig for skulemiljøet, og så tidleg som mogleg takast med i arbeidet med skulemiljøtiltak. Dei har rett til innsyn i all dokumentasjon som gjeld det systematiske arbeidet for eit trygt og godt skulemiljø, og har rett til å uttale seg og komme med framlegg i alle saker som er viktige for skulemiljøet."

## **Merknad til §9A-9.**

Ein legg til grunn at alle skular orienterer tilsette, foreldre og elevar ved oppstart av nytt skuleår. Alle foreldre vil ha tilgang til planen som er lagt ut på kommunen sin heimeside. I tillegg har rektor ansvar for at det blir orientert om arbeidet med kapittel 9A, spesielt med vekt på §9A 4, 9A 5, med alle elevane, på alle foreldremøte, elevrådsmøte, FAU-møte og SU-møte. Det er viktig at alle elevar og foreldre blir gjort merksame på retten til å melde saker vidare til Fylkesmannen.

Foreldre og elevar som er involvert i saker skal få kommunen sin handlingsplan av rektor.

## **§ 9 A-10 Ordensreglement**

"Kommunen skal gi forskrift om ordensreglement for den enkelte grunnskole, og fylkeskommunen skal gi forskrift om ordensreglement for den enkelte vidaregåande skole. Reglementet skal gi reglar om rettane og pliktene til elevane så langt dei ikkje er fastsette i lov eller på annan måte. Reglementet skal innehalde reglar om orden og oppførsel, om kva tiltak som kan nyttast mot elevar som bryt reglementet, og om korleis slike saker skal behandlast.

Skolen kan berre nytte tiltak som er fastsette i ordensreglementet. Tiltaka skal ikkje innebere fysisk refsing eller anna krenkjande behandling. Før det blir teke avgjerd om tiltak, har eleven rett til å forklare seg munnleg for den som skal ta avgjerda.

Ordensreglementet skal gjerast kjent for elevane og foreldra. Kravet i forvaltningsloven § 38 første ledd bokstav c om kunngjering i Norsk Lovtidend gjeld ikkje."

## **§ 9 A-11 Bortvising**

"Kommunen kan fastsetje i ordensreglementet at grunnskoleelevar kan visast bort frå undervisninga dersom dei bryt reglementet i alvorleg grad eller fleire gonger. Elevar på 1. til 7. årstrinn kan visast bort for enkelttimar eller resten av dagen, og elevar på 8. til 10. årstrinn kan visast bort for opp til tre dagar.

Fylkeskommunen kan fastsetje i ordensreglementet at elevar i vidaregåande skole kan visast bort frå undervisninga i opp til fem dagar dersom dei bryt reglementet i alvorleg grad eller fleire gonger. Det kan like eins fastsetjast at elevar kan visast bort for resten av skuleåret dersom brota er særleg alvorlege.

Rektor kan vedta bortvising etter å ha rådført seg med lærarane til eleven. Fylkeskommunen kan vedta at ein elev i vidaregåande skole skal visast bort for resten av skuleåret. Om ikkje kommunen eller fylkeskommunen fastset noko anna, kan rektor gi lærarar høve til å vise bort elevar frå si eiga undervisning for ei opplæringsøkt, men ikkje meir enn to klokketimar. Før det blir gjort vedtak om bortvising, skal ein ha vurdert andre tiltak. Foreldra skal varslast før ein elev på 1. til 7. årstrinn blir bortvist for resten av dagen."



### **§ 9 A-12 Tvangsmulkt**

"For å sikre gjennomføringa av vedtak etter § 9 A-6 fjerde ledd kan fylkesmannen og klageinstansen fastsetje tvangsmulkt for skuleeigaren. Avgjerd om tvangsmulkt kan gjerast samtidig med vedtak etter § 9 A-6 fjerde ledd eller seinare.

Ei avgjerd om tvangsmulkt får verknad når skuleeigaren ikkje held fristen for gjennomføring av vedtaket etter § 9 A-6 fjerde ledd, og mulkta går inntil vedtaket er oppfylt. Ei avgjerd om tvangsmulkt får ikkje verknad dersom det blir uråd å rette seg etter vedtaket og den ansvarlege ikkje kan noko for dette.

Avgjerda om tvangsmulkt skal behandlast i samsvar med reglane i forvaltningslova kapittel IV og V. Skuleeigaren har ikkje klagerett.

Mulkta går til statskassa. I særlege tilfelle kan tvangsmulkta reduserast eller falle bort.

Departementet kan gi forskrift om kva slags tvangsmulkt som kan nyttast og om kor stor mulkta skal vere."

### **§ 9 A-13 Straffansvar**

"Med bøter, fengsel i opp til 3 månader eller begge delar blir den straffa som forsettleg eller grovt aktaust, og alvorleg eller gjentekne gonger, bryt plikta etter § 9 A-4 første og andre ledd og § 9 A-5. Med bøter, fengsel i opp til 3 månader eller begge delar blir rektoren straffa som forsettleg eller grovt aktaust, og alvorleg eller gjentekne gonger, bryt plikta etter § 9 A-4 tredje og fjerde ledd.

Dersom § 9 A-4 første til fjerde ledd eller § 9 A-5 er brotne av nokon som handlar på vegner av skolen, kan skuleeigaren straffast, jf. straffeloven § 27.

Fristen for forelding av straffansvaret er 5 år."

### **§ 9 A-14 Erstatningsansvar og bevisbyrde**

Reglane i lov 13. juni 1969 nr. 26 om skadeserstatning kapittel 2 gjeld for saker om psykososialt skulemiljø etter reglane i dette kapitlet.

Dersom det i saker etter første ledd ligg føre tilhøve som gir grunn til å tru at skuleeigaren ikkje har følgt reglane i eller i medhald av opplæringslova kapittel 9 A om psykososialt skulemiljø, skal dette leggast til grunn med mindre skuleeigaren gjer noko anna truleg.

### **Merknad til §§ 9A-11, 9A-12, 9A-13 og 9a-14.**

Det formelle ansvaret for å sikre elevane sin rett til eit trygt og godt skulemiljø kjem tydeleg til uttrykk i desse paragrafane. Seljord kommune har eit felles, kommunalt overordna ordensreglement der ein har delegert til kvar skule å utarbeide egne, lokale ordensreglar.

### **§ 9 A-15 Forskrift om skulemiljøet**

"Departementet kan gi forskrift om krav til skulemiljøet."

# Lokal handlingsplan for arbeid med eit trygt og godt skulemiljø

## Haldningsskapande arbeid

### § 9A-3. Nulltoleranse og systematisk arbeid

*Skulen skal ha nulltoleranse mot krenking som mobbing, vald, diskriminering og trakassering. Skulen skal arbeide kontinuerleg og systematisk for å fremje helsa, miljøet og tryggleiken til elevane, slik at krava i eller i medhald av kapitlet blir oppfylte. Rektor har ansvar for at dette blir gjort.*

Utdanningsdirektoratet, Udir, har utarbeidd materiell for heilskapleg arbeid med læringsmiljø. Dette materialet er basert på forskning. Materialet gir konkrete forslag til arbeid, og omfattar følgjande område:

- God leiing, organisasjon og kultur for leiing på skulen
- Lærars evne til å leie klasser og grupper
- Positive relasjonar mellom elev og lærar
- Positive relasjonar og kultur for læring blant elevane
- Godt samarbeid mellom heim og skule

I tillegg kjem desse faktorane:

- Regler og regelhandheving
- Sosial kompetanse og læringsmiljø
- Haldning til mobbing
- Gjensidige forventningar mellom deltakarane i skulesamfunnet
- Fysisk miljø

Skulane skal ha skriftlege planar for arbeidet med haldningsskapande og førebyggjande arbeid. Tiltaka skal vere i tråd med forskingsbaserte tilrådingar, og må vere prega av systematikk, kontinuerleg innsats, dokumentasjon og evaluering.

Det er viktig at kvar einskild elev blir sett og verdsett av læraren. Ei klasse må ha ei vi-kjenne slik at alle føler seg trygge. Elevane må få trening i å løyse konflikter og å vere ulike og ueinige er lov. Lærarane må ta opp kva krenkande åtferd, utestenging og mobbing er, korleis dette skjer, korleis ein opplever å bli utsett for slikt, og at elevane som utsett andre for negativ åtferd og handlingar og sjølv tek skade av det.

Det er viktig å leggje vekt på at alle på skulen skal bry seg og seie ifrå når dei har mistanke eller merker mobbing!

Alle tilsette ved skulen har handlingsplikt! Det betyr at alle tilsette har plikt til å undersøke raskt, varsle rektor, og til å gripe inn.

#### **Forventningar til læraren:**

- Grunnleggjande respekt for elevane og deira eigenart
- Positive forventningar til elevane si læringsevne
- Rettferdig behandling av elevane

### Definisjon på krenkande åtferd:

Med krenkande åtferd meiner vi krenkande ord og handlingar som kjem til uttrykk anten via direkte tale eller digitale medium:

- **Mobbing** er gjenteke negativ eller ondsinna åtferd frå ein eller fleire personar retta mot ein elev som har vanskar med å forsvare seg. Gjenteke erting på ein ubehageleg og sårande måte er også mobbing ( Dan Olweus) (Udir – Elevundersøkinga). Kan handle om kroppsspråk, gestar, bestemte handlingar, digital mobbing eller verbal mobbing.  
Ein annan definisjon:  
«Mobbing av barn er handlinger fra voksne og/eller barn som hindrer opplevelsen av å **høre til**, å være en betydningsfull **deltaker** i fellesskapet og muligheten til **medvirkning**» (Lund, Helgeland & Kovac, 2017).
- **Vald** er at nokon bruker fysisk makt for å skade andre.
- **Rasisme /diskriminering** er at noko blir handsama annleis eller plaga fordi dei har ein annan hudfarge, ein annan religion eller snakkar eit anna språk. Det kan og vere at nokon får dårlegare behandling eller blir trakassert grunna kjønn eller funksjonsevne.
- **Uttestenging/utfrysing/ignorering** er å bli halden utafor ei gruppe eller klasse der ein har naturleg tilhøyrse.
- **Uthenging /håning/latterleggjering** er krenkande ord og negativ omtale.

### Arbeidet med å skape eit godt læringsmiljø

Alle partar i undervisningssektoren har eit ansvar for å utvikle eit godt læringsmiljø. Det gjeld kommunen som skuleeigar, administrativt nivå og ned til den enkelte skule.

Skuleeigar:	
Tiltak:	Føremål:
Kommunal forskrift om ordensreglar	Overordna sikring av praksis
Samordning av arbeidet med § 9A	Kommunal plan og felles rutinar
Samordning av plan- og utviklingsarbeid	Felles praksis og utvikling for heile sektoren
Felles kompetansetiltak	Felles kompetanseplan
Manifest mot mobbing	Ansvarleggjere heile kommunen



<b>Barnetrinnet:</b>	
<b>Tiltak :</b>	<b>Føremål:</b>
<b>Elevnivå</b>	
Elevsamtalar der både fag og det sosiale er samtaleemne	Styrke relasjon, vite korleis eleven har det på skulen
Foreldresamtalar der både fag og det sosiale er samtaleemne	Styrke samarbeid mellom heim og skule. Samtale om sosial og fagleg situasjon
Samtaler med sosiallærar og/eller helsesøster	Kartleggje korleis elevane har det. Ekstra oppfølging av elevar som har behov
<b>Klassenivå</b>	
Klassesamtaler /klasse møte om korleis vi skal vere mot kvarandre på skulen og på skulevegen	Involvere og ansvarleggjere elevane, styrke fellesskapet i ei klasse
Ordensreglement og handheving av reglar blir gjennomgått	Sikre lik forståing, involvere elevane i utforming
Klassene lager klassereglar som blir hengt opp i klasserommet	Involvere og ansvarleggjere elevane. Bevisstgjere elevane på eit felles ansvar for trivsel og tryggleik
Morgonsamling	Styrke fellesskapet
Lærar skal vere til stades i klasserommet medan elevane et. Høgtlesing eller samtale	Danning gjennom gode måltidsrutinar. Trivsel og samhald gjennom felles opplevingar
Bruk av ulike verktøy, som: <i>Psykologisk førstehjelp-ei hjelp til korleis ein skal mestre følelsar.</i> For 4. klasse <i>Steg for steg 1.-4.kl</i> <i>Kjetil og Kjartans tips mot mobbing 5.- 7. kl.</i> <i>ART (Agression Replacement Training)</i>	Bruke pedagogiske hjelpemiddel i arbeidet med å bevisstgjere elevane Mål å utvikle sosial kompetanse, sosiale haldningar og ferdigheiter.
Trivselsprogrammet. Organisert fysisk aktivitet og bruk av trivselsleiarar	Få med alle, ansvarleggjere elevar. Leggje til rette for inkluderande aktivitet i friminutta
Bruk av relevant litteratur til høgtlesing	Utgangspunkt for samtalar og refleksjon
Uteskule/ naturen som læringsarena	Samhandling og samarbeid. Fysisk aktivitet, meistring og fellesskap
Sosiale aktivitetar i klassene i regi av foreldra, som heimegrupper, turar, kveldsarrangement o.l	Styrke fellesskapet, involvere foreldra
Leirskule for 7.klasse	Alle 7.klassingane i kommunen reiser saman. Styrke sosiale band før u-skulen
<b>Skulenivå</b>	
Ordensreglement og handheving av reglar blir drøfta kvart år i SU	Lov og lokal forskrift

FAU og SU blir kvart år informert om skulen sitt arbeid med eit godt læringsmiljø	§ 9a-6.Informasjonsplikt og uttalerett
Felles praktisering og handheving av ordensreglar	Lik og konsekvent praksis gir tryggleik
"Plan for å sikre eit godt psykososialt skulemiljø" er på saklista kvar haust i elevråd	Halde planen levande, sikre engasjement hos alle partar
Gode inspeksjonsrutinar	For å sikre eit godt psykososialt miljø
Elevundersøking for 5.-7. klasse.	Resultata blir drøfta på samråding. Tiltak og endringsarbeid blir iverksett
Foreldremøte med ulike tema knytt til utvikling av eit godt læringsmiljø ved skulen	Engasjere, involvere og ansvarleggjere føresette
Ulike aktivitetar, trivselstiltak og program på tvers av klassene, som juleverkstad, fagdagar, aktivitetsdagar, idrettsdag, lesevake, joletrefest, SOS-dagen, musikal, årstidsturar etter årsplan, kantineordning m.m. <i>Steg for steg, ART</i>	Styrke fellesskapet på tvers av klasser. Auka trivsel. Inkludering
Plan for overgangar barnehage-barneskule – ungdomsskule. Ulike aktivitetar og besøk	Sikre gode overgangar, skape tryggleik. Sikre at barn med spesielle behov blir følgd opp
Fadderordning for nye 1. klassingar	Skape tryggleik i overgangen. Ansvarleggjere eldre elevar
Elevkveld.	Alle 7.klassingar i kommunen blir invitert. Styrke sosiale band før leirskule og ungdomsskule
Drøfting i personalet om elevar, trivsel og psykososiale tilhøve skal skje ved oppstart av skuleåret og i januar + ved behov	Sikre at skulen tek raskt tak i ting og fylgjer opp
Skulemiljøtemaet er jamleg oppe til drøfting på samråding der alle lærarane deltek	Sikre at skulen tek raskt tak i ting og fylgjer opp
Felles standard for klasseleiing	Tydeleg struktur som stiller krav til elevane si faglege og sosiale læring skaper betre fagleg og sosialt læringsmiljø
TPO-teamet drøfter elevar ein er bekymra for, både fagleg og sosialt	Sikre at skulen tek raskt tak i ting og fylgjer opp
Manifest mot mobbing, Udir	Kampanje ein g. pr. år. Intensivt fokus
Kompetanseheving om psykososiale tema, ulike program og liknande (t.d. ART, agression replacement training).	Alle i personalet må ha god kompetanse og forståing av temaet, tiltak, bruk av program og verktøy m.m



<b>Ungdomstrinnet:</b>	
<b>Tiltak :</b>	<b>Føremål:</b>
<b>Elevnivå:</b>	
Elevsamtaler med klassestyrar	Styrke relasjon, vite korleis eleven har det på skulen
Foreldresamtaler med klassestyrar	Styrke samarbeid mellom heim og skule. Samtale om sosial og fagleg situasjon
Samtale med sosiallærar og/eller helsesyster	Kartlegge korleis elevane har det. Ekstra oppfølging av elevar som er i ein problemsituasjon
Oppstartsrutinar	Alle elevane skal bli sett, skape godt miljø, tryggleik og trivsel i nye klasser
<b>Klassenivå:</b>	
Klassesamtaler /klasse møte om korleis vi skal vere mot kvarandre på skulen og på skulevegen	Involvere og ansvarleggjere elevane, styrke fellesskapet i ei klasse
Ordensreglement og handheving av reglar blir gjennomgått i klassa	Sikre lik forståing, involvere elevane i utforming
ART-trening (Agression Replacement Training)	Styrke sosiale ferdigheiter
Polentur i 10.klasse	Styrke fellesskapet gjennom felles opplegg og opplevingar
<b>Skulenivå:</b>	
Ordensreglement og handheving av reglar blir drøfta kvart år i SU	Lov og lokal forskrift
FAU og SU blir kvart år informert om skulen sitt arbeid med eit godt læringsmiljø	§ 9a-6.Informasjonsplikt og uttalerett
Felles praktisering og handheving av ordensreglar	Lik og konsekvent praksis gir tryggleik
<i>"Plan for å sikre eit godt psykososialt skulemiljø"</i> er på saklista kvar haust i elevråd	Halde planen levande, sikre engasjement hos alle partar
Gode inspeksjonsrutinar	For å sikre eit godt psykososialt miljø
<i>"FRI"</i> Rollespel knytt til gruppepress	Rollespel som metode for identifikasjon og auka forståing
Kantineordning kvart matfri	Styrke fellesskapet, auke trivsel, trene på god bordskikk, ete sunt
Aktivitetshjul for friminutta	Legge til rette for inkluderande aktivitetar i friminutta, auke trivsel og sosial samhandling. Få med alle, ansvarleggjere elevar.
Aktivitetsdagar (turar, turneringar, dansedag, vinterball)	Skape gode relasjonar, trivsel, vere saman utanfor klasserommet

Grupper i valfag på tvers av klasser	Skape arena for at elevar på ulike trinn blir godt kjende med kvarandre
Elevundersøkinga på alle trinn	Hente Informasjon for vidare arbeid
Open skule	Styrke fellesskapet
<i>Sterk og Klar</i>	Styrke foreldreinvolvering for å skape gode rammer for ungdommane
Engasjere elevrådet i arbeidet med eit trygt, godt og inkluderande miljø	Skape elevengasjement og ungdommar som er medvitne skulemiljøet
Drøfte sosial og fagleg utvikling hjå alle elevar	Ha temaet kontinuerleg oppe for å fange opp bekymringar
Felles standard for klasseleiing	Skape gode rammer for læring på skulen
Undervisning skjer i hovudsak i ein klasesituasjon	Legge til rette for eit inkluderande skulemiljø
Strukturert og systematisk observasjon	Få større og betre heilskapsbilete av ein ev problemsituasjon i kartleggingsfase



## Skulehelsetenesta

I Handlingsplanen for undervisningssektoren 2.1.4 står følgjande:

*"For å kunne imøtekome samansette hjelpebehov hos ein skilde barn og unge, må ein tilretteleggje tverretatlege og tverrfaglege tiltak.*

*Tiltak:*

*Det må skje ei utviding av samarbeidet mellom skulen og helsetenesta slik at skulehelsetenesta får ein sterkare preventiv funksjon".*

Skulehelsetenesta består av helsesøster. Skulehelsetenesta arbeider med elevens trivsel og skulemiljø, og tek del i det tverrfaglege samarbeidet med skulen. Skulehelsetenesta tilbyr også helseundersøkingar og vaksinerings til elevane.

Det er sett av fast kontortid ved alle skulane.

## Korleis avdekke krenkande åtferd/mobbing?

- Plikt til å fylgje med på alle elevar, spesielt sårbare elevar
- Elevsamtaler
- Foreldresamtaler
- Vakt- og tilsynsordningar.
- Undersøkingar og observasjonar for å skaffe informasjon
- Varsling/meldingsrutinar





## Handlingsplan

### *Kva gjer vi når krenkande åtferd/mobbing blir oppdaga?*

1. Når krenkande åtferd, handlingar eller mobbing blir oppdaga, må den som oppdagar det gripe inn umiddelbart. Dessutan må klasselærer varsle og ta i saka med ein gong. Skulens tilsette har i følgje loven aktivitetsplikt når ein får mistanke eller varsel om at ein elev blir krenka /mobba.
  - Fyll ut meldeskjema
  - Informer rektor
2. Dersom ein får mistanke om at ein som arbeider på skolen utset ein elev for krenking som mobbing, vald, diskriminering og trakassering, skal ein varsle rektor med ein gong. Rektor skal varsle skuleeigar.
3. Dersom ein får mistanke om at skuleleiar utset ein elev for krenking som mobbing, vald, diskriminering og trakassering, skal ein varsle skuleeigar med ein gong. Då er det skuleeigar som fylgjer saka vidare opp.
4. Skulen må setje i gang undersøkingar og observasjon for å skaffe informasjon.
5. Skulen gjennomfører fyrst samtaler med den som er blitt plaga/ utsett for krenkande åtferd/mobba for å skaffe informasjon og gje støtte.
6. Samtale med foreldra til den som er blitt plaga/utsett for krenkande åtferd/mobba.
7. Samtale med den som har plaga, krenka eller mobba andre: Sjølv om det er fleire som mobbar eller plagar andre, må skulen snakke med ein om gangen. Føremålet med samtala er å gje beskjed om at krenkinga eller mobbinga er uakseptabel og må stoppe straks. Så må skulen invitere til samarbeid for å få slutt på den negative åtferda eller mobbinga, gjere avtaler om kva som skal skje, og setje opp ny samtale. Elevar som krenker må få klar beskjed om at det vil bli sett inn tiltak og reaksjonar dersom problemet ikkje løyser seg. Skulen må i kvart tilfelle finne ut kva som opplevast som reaksjon for den einskilde elev.
8. Samtale med føresette til dei som krenkar eller mobbar kvar for seg. Dersom foreldra ynskjer det, kan de snakke med fleire samtidig. Ikkje la foreldra delta sjølv i elevgruppa.
9. Lærer informerer rektor om kva som har skjedd og kva læraren har gjort og kva for tiltak som er sett i verk. Er det vald i bildet, skal saka med ein gong meldast til rektor.
10. Skulen må vurdere kva som er det beste for eleven før ein sett i gang med planlegging av tiltak. Skulen må vise korleis ein legg vekt på slike vurderingar. Eleven sin stemme skal bli høyrd.
11. Utarbeide skriftleg plan. Skulen skal lage ein skriftleg plan når det skal gjerast tiltak i ei sak. I planen skal det stå:

- Kva problem tiltaka skal løyse
- Kva tiltak skulen har planlagt
- Når tiltaka skal gjennomførast
- Kven som er ansvarlege for gjennomføring av tiltaka
- Når tiltaka skal evaluerast


12. Rektor avgjer om det skal gjerast enkeltvedtak ved tiltak som er heimla i ordensreglement, som t.d. bortvisning.

13. Oppfølging. Mobbesituasjonen må fylgjast til han stansar heilt. Alle skal kunne gå på skulen saman og oppleve tilhøyrse og tryggleik. Etter ei tid kan det vere gunstig å ha ei samtale mellom den som har blitt mobba og den som mobba. Ikkje gjer dette for tidleg. Hugs at det tek tid å kome over alvorlege krenkingar.

14. Søk råd og hjelp om nødvendig. Bruk tilgjengeleg ekspertise, PPT eller andre ressurspersonar i kommunen. Skulen kan og kontakte Statped. dersom det lokale apparatet treng assistanse.

Melder elevar eller foreldre om at nokon blir plaga, tek skulen dette på alvor. Dei som har meldt ei sak og bede om tiltak, skal ha skriftleg dokumentasjon av tiltak. Foreldre og elevar skal og ha informasjon om at dei kan melde saka til Fylkesmannen om dei ynskjer det.

Skulen må sørgje for å halde fokus på mobbesituasjonen til han stansar heilt. I einskilde tilfelle vil det vere eit alternativ å flytte den som mobbar over til ein annan skule.



## Prosedyrar - rutinar

Seljord kommune har utarbeidd formelle prosedyrar for arbeidet med kapittel 9A i Opplæringslova. Dette for å sikre at saker blir handtert i samsvar med loven og for at den enkelte tilsette, elev eller føresette skal kjenne til kva for rutinar skulen arbeider etter for å realisere eleven sin rett til eit trygt og godt skulemiljø.

### Oversikt prosedyrar, rutinar og skjema

- Prosedyre for handtering av oppmoding frå elev eller føresette , §9A-4.
- Meldeskjema for varsling, §9A-4.
- Prosedyre – aktivitetsplikt.
- Skjema for melding av sak til Fylkesmannen.
- Prosedyre for skulen.
- Prosedyre for aktivitetsplikt etter Opplæringslova kap. 9A-4.
- Prosedyre for skuleeigar etter Opplæringslova § 13-10, kap. 9A.





## Prosedyre for handtering av oppmoding frå elev eller føresett etter Opplæringslova kap. 9A, § 9A-4.

**Tema:** Handtering av oppmoding frå elev eller føresett om tiltak knytt til skulemiljøet.

**Kven:** Alle tilsette ved skulen

**Kva:** Alle som arbeider på skulen, skal følgje med på om elevane har eit trygt og godt skulemiljø, og gripe inn mot krenkingar som mobbing, vald, diskriminering og trakassering dersom det er mogleg. Alle som arbeider på skulen, skal varsle rektor dersom dei får mistanke om eller kjennskap til at ein elev ikkje har eit trygt og godt skulemiljø. Rektor skal varsle skuleeigaren i alvorlege tilfelle. Ved mistanke om eller kjennskap til at ein elev ikkje har eit trygt og godt skulemiljø, skal skulen snarast undersøkje saka.

Oppmoding om tiltak kan rettast munnleg eller skriftleg frå elevar, føresette eller råd og utval der elevane/føresette er representerte. Oppmodinga bør vere så konkret som råd; klargjere kva problemet er, og – om mogleg – kva for tiltak ein ønskjer. Oppmodinga skal normalt vere retta til rektor.

### Handling:

- Viss andre enn rektor mottar oppmodinga, skal vedkomande straks varsle rektor
- Rektor informerer dei involverte om vidare arbeide med saka
- Rektor informerer skuleeigar dersom saka gjeld ein tilsett ved skulen
- Rektor syter for at saka blir godt klargjort og at det vert førd logg
- Rektor syter for at den det gjeld blir høyrd, og at ein vurderer kva som er eleven sitt beste før ein byrjar arbeidet med ein tiltaksplan
- Rektor syter for at det blir utarbeidd ein skriftleg plan med tiltak
- Rektor informerer elev og føresette om retten til å melde saka til Fylkesmannen

### Referanse:

- Opplæringslov, §§ 9A4, 9A-5 og 9A-6
- Skulen sitt skjema for oppmoding om tiltak knytt til elevane sitt psykososiale miljø.

**Meldeskjema – til rektor****Varsling om elevar som ikkje får oppfylt retten til eit trygt og godt psykososialt skulemiljø, Opplæringslova § 9A-4.**

Unntatt offentlegheit jf. §13 i Offentleglova og §13 i Forvaltningslova

Det gjeld - Sett Kryss	Bakgrunnsinformasjon - sett kryss
Krenkande ord og handlingar <input type="checkbox"/>	Eigen observasjon <input type="checkbox"/>
Utestenging <input type="checkbox"/>	Den som er krenka har sjølv varsla <input type="checkbox"/>
Rasisme <input type="checkbox"/>	Medelev har varsla <input type="checkbox"/>
Vald <input type="checkbox"/>	Ein føresettt har varsla <input type="checkbox"/>
Mobbing <input type="checkbox"/>	Annan person har varsla <input type="checkbox"/>
Krenkande ord, handling frå medelev <input type="checkbox"/>	Anna <input type="checkbox"/>
Krenkande ord, handling frå tilsett <input type="checkbox"/>	Merknad:
Krenkande ord, handling frå skuleleiar/rektor (lever varslingskjemaet til kommunalsjef) <input type="checkbox"/>	

Namn på utsett elev:	Klasse:	
Namn på andre som ev. er involvert:	Klasse:	
Namn på meldar:	Dato:	Stilling:

Aktuelle medarbeidarar/tilsette / andre som er informerte om hendinga:

Namn:		Namn:	
-------	--	-------	--

Når (dato/ klokka):	
Kvar skjedde det:	
Skildre situasjonen så detaljert som råd	

Underskrift/namn til den som har fylt ut meldinga:

Dato

---

---

Blir arkivert i ephorte



**Prosedyre – aktivitetsplan, Opplæringsloven §§ 9A-4 og 9A-5.**

*Elevenes navn og fødselsår:*

.....

**Sakstilhøve/bakgrunn for saka (grundig utgreiing):**

- Oppmoding/varsel om behov for tiltak frå føresette/elevar/tilsette/andre
- Undersøkingar som skulen har gjennomført

**Aktivitetsplikt:**

1. Kva problem tiltaka skal løyse	
2. Kva tiltak skulen har planlagt	
3. Når tiltaka skal gjennomførast	
4. Er eleven høyrd? (Legg ved dokumentasjon)	
5. Er elevens beste vurdert – korleis, kven er spurdt? Korleis er vurderingane lagt vekt på?	
6. Kven som er ansvarleg for gjennomføring av tiltaka	
7. Når tiltaka skal evaluerast*	
8. Oppfølging for å sjekke ut at eleven opplever å ha eit trygt og godt skulemiljø	

\*det bør ikkje vere meir enn tre veker frå utarbeiding av denne planen til felles evaluering av korleis tiltaka fungerer. Det er viktig at eleven og heimen får høve til å uttale seg om korleis situasjonen utviklar seg.

**Fylkesmannen**

Dersom ein elev ikkje har eit trygt og godt skulemiljø, kan eleven eller foreldra melde saka til Fylkesmannen **etter** at saka er teken opp med rektor og **tidlegast ei veke** etter at saka er tatt opp med rektor. Fylkesmannen skal avgjere om aktivitetsplikta etter Opplæringslova §§9A-4 og 9A-5 er oppfylt. Kjem Fylkesmannen til at skulen ikkje har oppfylt aktivitetsplikta kan Fylkesmannen fatte vedtak om kva skulen skal gjere for å sørge for at eleven får eit trygt og godt skulemiljø.

Med helsing

\_\_\_\_\_  
Rektor NN

Føresette har lese aktivitetsplanen dato: \_\_\_\_\_ Sign \_\_\_\_\_

Blir arkivert i ephorte. Kopi: Kommunalsjef skule og oppvekst.

# Melding til Fylkesmannen i Telemark

## Forslag til korleis du som forelder kan melde ei sak til Fylkesmannen

Til Fylkesmannen i Vestfold og Telemark

Dato:

### Bakgrunn for saka

*Kvifor klagar du? Fyll inn årsaka eller kva som har skjedd. Under er nokre døme.*

- Skulen har ikkje utarbeidd aktivitetsplan sjølv om eg/eleven har bedt om det.
- Eg er ikkje nøgd med dei tiltaka skulen vil setje i gang.
- Skulen gjennomfører ikkje tiltaka som avtalt.
- Andre årsaker.

Eg er ikkje nøgd med skulen sine tiltak fordi

.....  
.....  
.....

### Kva for tiltak meiner du vil hjelpe?

*Dersom du har forslag til andre tiltak som vil hjelpe, kan du gjere greie for dei her. Ver konkret! Du treng ikkje foreslå noko. Den personen som behandlar klagen, må lytte til det du ber om.*

Eg/vi meiner skulen bør

.....  
.....  
.....

### Kva seier lova?

Opplæringslova § 9A-2 gir alle elevar ein individuell rett til eit trygt og godt skulemiljø som fremjar helse, trivsel og læring. Skulen skal syte for at det psykososiale miljøet fører til at eleven føler tryggleik og sosial tilhøyrse. Dette følgjer av opplæringslova §§ 9A-3, 9A-4 og 9A5.

Eleven si eiga oppfatning av det psykososiale miljøet avgjer om eleven sin rett er oppfylt eller ikkje. Skulen har plikt til å oppfylle eleven sin rett til eit godt psykososialt miljø. Rektor har ansvaret for den daglege oppfølginga av dette.

Helsing

**Kopi** til Fylkesmannen i ditt fylke.

Kontaktinformasjon finn du på [www.fylkesmannen.no](http://www.fylkesmannen.no)



## Prosedyre for skulen etter Opplæringslov kap. 9A-3, 2. ledd

**Tema:** Korleis skulen si leiing handterer varsling om krenkjande ord og handlingar, mobbing, diskriminering, vald, rasisme eller annan krenkjande åtferd

**Kven:** Rektor eller annan ansvarleg representant for leiinga

**Kva:** *Dersom nokon som er tilsett ved skulen får kunnskap eller mistanke om at ein elev vert utsett for krenkjande ord eller handlingar som mobbing, diskriminering, vald eller rasisme, skal vedkomande snarast undersøkje saka og varsle skuleleiinga, og dersom det er mogleg sjølv gripe direkte inn (Opplæringslov § 9a-3, 2. ledd)*

Skulen sine tilsette skal, etter prosedyre for "Handlingsplikt ved kunnskap eller mistanke om at ein elev vert utsett for krenkjande ord eller handlingar.." varsle skulen si leiing, etter handlingsprosedyra under. Merk skjerpa aktivitetsplikt viss ein av skulen sine tilsette er den som står bak krenkinga

### Handling:

- Tilsette varslar rektor om hendinga og leverer skjema for varsling av krenkjande ord og handlingar
- Rektor registrerer varslinga og drøftar ho med den som varslar
- Rektor informerer partane det gjeld om vidare saksgang
- Dersom saka blir vurdert som omfatta av §9a-4 av elev/føresette/skulen skal rektor/skulen utarbeide tiltaksplan, jf. "prosedyre aktivitetsplikt".
- Rektor må sørge for at eleven si stemme blir høyrd
- Rektor må sørge for at skulen vurderer eleven sitt beste, og at skulen legg vekt på desse vurderingane i planlegging av tiltak
- Skulen bør foreta ein pedagogisk analyse for å få fram alle sider av saka, sjå vedlegg
- Frå varsling skal det gå maksimalt ei veke før rektor har teke fatt i saka
- Skulen må fylgje opp saka. Sette opp datoar for evaluering av tiltak
- Førsette må få skriftleg informasjon, kopi av handlingsplan, innkallingar til nye oppfylgjingssamtaler, beskjed om avtaler med eleven o.l.
- Rektor sender kopi av utfylte varslingsskjema, samt tiltaksplanen til skulefagleg ansvarleg
- Rektor orienterer om aktuelle saker frå eigen skule i rektormøte, januar og september

### Referanse:

- Opplæringslov kap 9A
- Rettleiar til opplæringslova, kap. 9A
- Rundskriv frå Udir 2-2010
- Skulen sin prosedyre: "Handlingsplikt ved kunnskap eller mistanke om at ein elev vert utsett for krenkjande ord eller handlingar"
- Skjema for varsling av krenkjande ord eller handlingar

**Dato:** Februar 2020





## Prosedyre for aktivitetsplikt etter Opplæringslova kap. 9A-4 og kap. 9a-5 - Skjerpa aktivitetsplikt dersom ein som arbeider på skulen, krenker ein elev

- Tema:**            **Aktivitetsplikt ved kunnskap eller mistanke om at ein elev blir utsett for krenkjande ord eller handlingar som mobbing, diskriminering, vald, rasisme eller utestenging, anten frå medelev eller frå ein som arbeider ved skulen, eventuelt rektor**
- Kven:**            Alle tilsette ved skulane i kommunen.
- Kva:**              Alle tilsette har aktivitetsplikt viss ein får kjennskap eller mistanke om at ein elev vert utsett for krenkjande ord eller handlingar som mobbing, diskriminering, vald, rasisme eller utestenging. Alle tilsette skal reagere på:
- Krenkande ord, åtferd og handlingar
  - Slåssing
  - Hardhendt leik/leikeslåssing
  - Mobbing av alle slag, også på sosiale media
  - Aggressiv/negativ, ikkje akseptabel åtferd som Kjefting, banning, stygge kallenamn, hånlege kommentarar, øydelegging av skulen eller elevar sine eigedelar, skriking og skråling, elevar som nektar å lyde ein vaksen sin instruksjon og liknande
  - Elevar som ofte er åleine i friminutta og som synest sosialt isolerte
  - Tilsette, eventuelt skuleleiarar som er krenkjande overfor elevar
- Handling:**      Alle tilsette som får kunnskap eller mistanke om at ein elev er utsett for krenkjande ord eller handlingar skal
- Undersøkje saka snarast, og om mogleg gripe inn og stoppe nemnde aktivitet
  - Varsle skulen si leiing ved å informere rektor eller ansvarleg representant for leiinga om hendinga, og registrere ho på eige skjema. **Skjema skal leverast til rektor eller ansvarleg representant for leiinga.**
  - Varsle **rektor** dersom det er ein tilsett ved skulen som står bak krenkinga
  - Varsle **kommunalsjef** dersom det er ein i leiinga ved skulen som står bak krenkinga
- Referanse:**
- Opplæringslov kap. 9A-4, 9A-5
  - Rettleiar til opplæringslova, kap. 9A
  - Rundskriv frå Udir 2-2010
  - Skjema for varsling av krenkjande ord eller handlingar

**Dato:**             Februar 2020



## Prosedyre for skuleeigar etter Opplæringslova § 13-10, kap. 9A

**Tema:** Skuleeigar sitt forsvarlege system for at krava i lov og forskrifter blir oppfylte

**Kven:** Kommunalsjef skule og oppvekst/rådmann

**Kva:** *"Kommunen skal ha eit forsvarleg system for vurdering av om krava i opplæringslova og forskriftene til lova blir oppfylte." Opplæringslova § 13-10, 2.ledd.*

**Handling:** Skuleeigar skal

- Gå gjennom system for vurdering § 13-10 med skuleleiarane ved starten av året, januar, jf. årshjul
- Gjennomgå dei ulike prosedyredokumenta for kap. 9a ved starten av skuleåret, jf. årshjul
- Få kopi av utfylte varslings skjema som kjem inn og tiltaksplanar som skulen utarbeider fortløpande gjennom skuleåret
- Vurdere rektor si handtering av lovkrava i kap. 9a-4/9a-5 ,ev. påleggje rektor å gjere justeringar i høve det som er gjort
  - etterspørje alle utfylte prosedyredokument, meldeskjema, tiltaksplanar o.l
  - vurdere at skulen handlar etter lovkrava
  - vurdere at skulen sørgjer for at involverte elevar blir høyrde
  - Sikre at vurdering av barnets beste er gjennomført
  - etterspørje utsjekk av saker
  - etterspørje eleven og føresette sitt syn på skulens handtering av aktivitetsplikta
  - Etterspørje eleven og føresette si oppleving av eit trygt og godt skulemiljø
  - Føre oversyn over alle pågåande saker med sjekklister etter aktivitetsplikten
- Leggje fram informasjonen om korleis skulane arbeider med kap. 9a for politisk nivå kvart år

**Referanse:**

- Opplæringslov § 13-10 2.ledd
- Opplæringslov §§ 9a-1, 9a-3, 9a-4, 9a-5
- Forvaltningslov, §§ 16 -28
- Rundskriv frå Udir 2-2010
- Prosedyre for skuleleiar om handtering av varsling om ein elev vert utsett for krenkjande ord eller handlingar"

**Dato:** Februar 2020

## Nyttige ressursar og materiell

### Nettressursar:

#### Arbeid mot mobbing.

Rettleiar for tilsette og leiarar i grunnskulen. Utdanningsdirektoratet 2011

[http://www.udir.no/Upload/Laringsmiljo/5/Arbeid mot mobbing rettleiar nn.pdf?epslang uage=no](http://www.udir.no/Upload/Laringsmiljo/5/Arbeid%20mot%20mobbing%20retteleiar%20nn.pdf?epslang=uage=no)

Arbeid mot mobbing: <https://www.udir.no/nullmobbing/>

#### Informasjon til foreldre:

<https://www.udir.no/nullmobbing/>

Barneombudet: [www.barneombudet.no](http://www.barneombudet.no)

Læringsmiljøsenderet: <http://laringsmiljosenteret.uis.no/>

#### Digital mobbing - Tips og ressurser fra medietilsynet:

<http://www.medietilsynet.no/no/Trygg-bruk/Tema/Digital-mobbing/>

Elevsiden: <http://www.elevsiden.no/atferd/1098241472>

#### Verktøykassen - litteraturside:

<http://verktoykasse.tromsokolen.no/index.php?parID=43&pageID=127&page=Barnelitteratur>

#### Bibliotekside med litteratur om mobbing:

<http://www.bibliotek.info/index.php?cat=20723&emne=Mobbing&&finbibid=136>



## Litteratur

### Faglitteratur:

- Antonsen, T. E. & Ertesvag, S.K. (2010): Godt læringsmiljø og læring gjennom skolebaserte tiltak? *Spesialpedagogikk*, 3, 31-44
- Auestad, G. (2011): Ny teknologi iV en utvidelse av mobbingen? I Midthassel, U. V., Bru, E., Ertesvag, S. K. & Roland, E. (red.). *Sosiale og emosjonelle vansker: barnehagens og skolens møte med sårbare barn og unge*. s. 113-131. Oslo: Universitetsforlaget.
- Befring, E., Frones, I. & Sorlie, M-A. (red.) (2010): Sårbare unge. Nye perspektiver og tilnærminger. Oslo: Gyldendal Akademisk.
- Borgersrud, H. S. (2009): Hvordan opplever jenter mobbing? *Spesialpedagogikk*, nr. 4 (2009) s. 4-11
- Dalbakk, J.A. (2011): Mobbing i skolen: en litteraturgjennomgang av eksisterende forskning, og undersøkelse av skolens tiltak for å bekjempe og forebygge mobbing. Masteroppgave. Tromsø: Universitetet i Tromsø
- Flack, T (2010): Innsikt: Et sosialanalytisk verktøy for avdekking av skjult mobbing. Stavanger, Senter for atferdsforskning, Universitetet i Stavanger.
- Gulbrandsen, Jorun: "Er skolen for Kari eller Ronny"
- Gulbrandsen, Jorun: "Tro meg da!" Mobbeofrenes egne historier og hvordan konflikt i skolen påvirker hjemmene.
- Isdal, Per m.f.: "Vold i skolen".
- Johnsen, G. H. (2010): Nettbasert veiledning som bidrag til avlæring og forebygging av mobbing i skolen *Skolepsykologi*. nr. 3 (2010) s. 3-11
- Husveg, I. (2012): "Er skolens mobbedefinisjoner gode nok for å fange opp alle sider ved mobbing mellom elever?" Masteroppgave. Stavanger, Universitetet i Stavanger.
- Kristensen, Monica Karen: "Klasseledelse".
- K.U.F.: "Elevrådet sin ideperm mot mobbing".
- Kvarme, Lisbeth Gravdal (2012): Effekten av anti-mobbetiltak på skolebarn. *Barn, Arg.* 30, nr. 3 (2012) s.39-55
- Larson, Eva: "Mobbet, det har vi ikke merket".
- Lund, I. (2012): "Mobbing i barnehagen - fleip eller fakta?" *Barnehagefolk*. nr. 1 s. 88-91
- Lodding, B. og N. Vibe (2010): "Hvis noen forteller om mobbing". Utdypende undersøkelse av funn i Elevundersøkelsen om mobbing, urettferdig behandling og diskriminering. *Rapport 48/2010*. Oslo, NIFU
- Midthassel, U. V. & Roland, E. (2011): Zero - et program mot mobbing.
- Midthassel, U. V., Bru, E., Ertesvag, S. K. & Roland, E. (red.): Tidlig intervensjon og systemrettet arbeid for et godt læringsmiljø., s.107-124. Oslo: Universitetsforlaget.
- Nergaard, Kari (2011): Mobbing i barnehagen. *Spesialpedagogikk* nr. 10 (2011) s. 31-34, 36-40
- Narboe, Jens (2011): "I 8. klasse er du villig til å gå over lik": Unge jenters beskrivelse av aggresjon, trakassering og mobbing på internett. *Tidsskrift for psykisk helsearbeid*, nr.1, s. 15-23
- Ogden, T. (2009): Sosial kompetanse og problematferd i skolen. 2.utg. Oslo : Gyldendal Akademisk
- Olweus, D. (2009): Mobbing i skolen - fakta og tiltak
- Klepp, K.I og L. Edvard Aaro (red.): Ungdom, livsstil og helsefremmende arbeid. 3.utg. Oslo: Gyldendal Akademisk. s. [346]-359

- Roland, E. G.(2012): Mobbing og tidlig innsats - har programmer mot mobbing best effekt på barnetrinnet? *Tidlig innsats - bedre laring for alle? Cappelen Damm Akademisk, s. 135-152*
- Roland, E. & Auestad, G. (2009): Seksuell orientering og mobbing. Stavanger, Senter for atferdsforskning.
- Ruud, Ellen Birgitte (2010): Barn som blir avvist og ignorert i lek. *Spesialpedagogikk, nr. 10 s.37-49*
- Sandstrak, Jorun (red.) (2012): *Voksne skaper vennskap : arbeid med inkluderende miljøer i skolen*. Oslo : Kommuneforlaget
- Skaalvik, E.M. & Skaalvik, S. (2009) Elevenes opplevelse av skolen. *Spesialpedagogikk, nr. 8 s. 36-47*
- Slåtten, H., Anderssen, N., & Holsen, I. (2009): Nei til "homo!" og "hore!" i ungdomskulen : Lærarrettleiing om førebygging og handtering av kjønnsrelatert mobbing, homofobisk erting og seksuell trakassering. *Hemil-rapport nr 2. Bergen, Hemilsenteret, Universitetet i Bergen.*
- Strand, Nina (2013): Når barn blir fritt vilt. *Tidsskrift for Norsk psykologforening* Vol. 50, nr. 3 , s.218-225
- Visser, Coert (2010): Blikk for løsninger. I: *Magasinet voksne for barn*. nr. 4 , s. 12-16
- Wahlstrom, Gunilla O.: "Konflikthåndtering". Metodebok for pedagoger
- Welstad, Trond (2011): Om mobbing, juss og følelser I: *Bedre skole*, nr. 3, s. 63-65

### *Litteratur for barn og unge:*

- Bergstrøm, Gunilla: Albert og udyret. Cappelen 1983
- Bergstrøm, Gunilla: Hvem kan redde Albert Åberg? 1977
- Bringsværd, Tor Åge: Karsten liker å danse. Cappelen 2001
- Bringsværd, Tor Åge: Ruffen – Sjøromen som ikke kunne svømme. 2012
- Brønne, Trond: Petter og månen. Gyldendal Tiden 1988
- Bøttinger, Tone Lie: Min storebror apen. Aschehoug 2001
- De Bodem, Ann: Det er alltid meg de skal ta. Egmont 1999
- Eriksen, Endre Lund: Pitbull-Terje går amok, Aschehoug 2002
- Færden, Else: Den stygge drageungen. Cappelen 1992
- Hagerup, Hilde: Bølgebiter, 1998
- Klefeldt, Lena: Otto og Joppa. Bokklubbens barn 1998
- Jenseg, Grete Randsborg: Pippi, snart tretten, Gyldendal 2011
- Kirkegaard, Ole Lund: Gummi-Tarzan, Gyldendal Tiden 1997
- Newth, Mette Cecilie: Lille skrekk. Aschehoug 2005
- Nilsson, Ulf: Den lille gutten og løven. Aschehoug 1994
- Orvik, Anne Marie Bredvei: Onsdag klokken seks, Maria, Forlag: Lunde Forlag 1996
- Romain, Trevor: Mobbing er feigt! Libretto cop.
- Salvesen, Paul Leer: Fy Fabian. Barnas forlag 2001
- Stenberg, Birgitta: Billy og sinte Lotta. Cappelen 1992
- Saanum, Kari: Herr Alkabars nese. Gyldendal Tiden 1993
- Svingen Arne: De tøffeste gutta. Gyldendal 2003
- Torvund, Helge: Vivaldi. Magikon 2011
- Wanblad, Mats: Lilleving. Cappelen 1996

## Diverse materiell

Diverse materiell frå Læringsmiljøsentret:

<http://laringsmiljosenteret.uis.no/mobbing/veiledere-og-materiell/>

Digital verktøykasse mot mobbing. Tromsøskolen:


<http://verktoykasse.tromsokolen.no/index.php>

Retningslinjer for å forebygge digital mobbing i skolemiljøet:

<http://laringsmiljosenteret.uis.no/getfile.php/SAF/Til%20nedlast/Mobbing-veileder.pdf>

Sjå Udir: <https://www.udir.no/laring-og-trivsel/skolemiljo/>

- Veileder til opplæringsloven kapittel 9a, Kunnskapsdepartementet
- Veilederen Arbeid mot mobbing, veileder for ansatte og ledere i grunnskolen. Utdanningsdirektoratet
- Instruks for felles nasjonalt tilsyn 2010, 2011 og 2012, Utdanningsdirektoratet
- Elevundersøkelsen 2011. Analyse av mobbing, uro og diskriminering, Utdanningsdirektoratet
- Nordahl, Thomas (2009): Materiell for helhetlig arbeid med læringsmiljøet. Publisert på Utdanningsdirektoratets hjemmeside



## Pedagogiske hjelpemiddel - vedlegg

### *SAMTALESKJEMA TIL ELEV/ FORELDRESAMTALE*

#### **Til elevar og føresette i .... klasse**

Tenk gjennom spørsmåla og drøft dei saman. Skriv gjerne på arket.  
Ta arket med attende til samtaletimen.

#### **TRIVSEL**

1. Korleis har du det på skulen (i timen, i friminutta)?
2. Korleis har du det på skulevegen?

#### **SKULEARBEID**

1. Kva liker du å arbeide med på skulen?
2. Er det noko du synest du treng å arbeide spesielt med?
3. Er det noko du gruar deg for?

#### **FRAMFERD**

1. Korleis synest du elevane i klassa er mot kvarandre?
2. Er du ein god ven?
3. Held du nokon utanfor?
4. Hjelper du til slik at alle kan få arbeidsro?
5. Pratar du mykje i timane? Dersom ja, kva kan vi gjera med det?

#### **LEKSER**

1. Kor lang tid bruker du på leksene?
2. Når gjer du leksene?
3. Kva synest du om leksemengda - for lite/for mykje/passe?

#### **SAMARBEID**

1. Liker du å samarbeide med andre elevar?
2. Kven liker du å samarbeide med?
3. Liker du gruppearbeid/temaarbeid?

#### **ORDEN**

1. Har du orden i bøkene dine?
2. Har du orden i skulesakene elles, pennal, ransel, hylle, pult?
3. Er du presis?

#### **ANDRE" VIKTIGE" SAKER DU YNSKJER Å TA OPP?**

## *ELEVSAMTALE*

### **TEMAOMRÅDE:**

Trivsel/mistrivsel, trygghet/utrygghet/ angst, glede/depresjon/kjensler, tillit/mistillit.

Læring og utvikling.

Bevisstgjøring av intelligensprofil (dei 8 intelligensane), personleg vekst, planlegging av framtida.

### **Generelle spørsmål til eleven:**

Førebu minst to ting du har lyst til å snakke om.

### **SJØLVE SAMTALA.**

**Fortid:** Kva hugsar du av

- a) hyggelege/gode opplevingar frå i fjor.
- b) mindre hyggelege hendingar
- c) kva lika du å gjera /kva var du flink til/kva var lett - **kvifor?**

**Nåtid:** Om skuledagen, lekser, arbeidsmåtar og innhald.

Kva går bra, kva liker du å gjera, kva liker du mindre, kva er vanskeleg - **kvifor?**

Om friminutta og skuleveg, om venner og nettverk.

**Framtid:** Kva gler du deg til, kva gruar du deg til?

Kva har du lyst til å lære, kva treng du hjelp til? Kven kan hjelpe deg med det?

Kva kan du lære bort til andre?

Framtidsplanar?

Etablere avtaler: Kven gjer kva når .....

Referat frå samtale.



### TIL ELEVEN.

Før du kjem til konferansetimen vil eg at du svarar på dette:

1. Kryss av i skjemaet.

A. Kva er eg flink til å jobbe med?

B. Kva vil eg øve meir på?

	A	B
1. Løse matematikkoppgåver		
2. Lese engelsk høgt i klassa		
3. Snakke engelsk		
4. Skrive norske tekstar/stilar		
5. Ta del i klassesdiskusjonar		
6. Konsentrere meg og fylgje med i timane		
7. Ha orden og oversikt over lekser og skularbeid		
8. Skularbeidet heime		
9. Tek omsyn til dei andre i klassa		

2. Korleis trivest du på skulen og i klassa?

3. Kvifor er det viktig for deg å gå på skulen?

4. Tek du skularbeidet og korleis du er på skulen på alvor?

5. Kva gjer du for at skulekvardagen skal bli ok for dei andre?

6. Kva skulle du ynskje var annleis på skulen vår?

### *Kjenneteikn på erting og mobbing – grunnlag for samtale i klassa*

Erting er den hyggelege og morosame sida av streken, medan mobbing er på den sida som gjer vondt.

<b>Erting</b>	<b>Mobbing</b>
ein gong / kortvarig	mange gonger / langvarig
ein mot ein/ like sterke	mange mot ein / overmakt
Tilfeldig	planlagt/ systematisk
Ufarleg	gjer skade
Ubevisst	bevisst
Sosialisering	isolering
Samhandling	utestenging




Vedlegg

## Vurdering av barnets beste – modell. Fylkesmannen i Vestfold og Telemark.

Sjå fleire tips på Udir.no

 Fylkesmannen i Vestfold og Telemark



Vedlegg

## Pedagogisk analyse – Modell.

Ved Tone Skyseth Westvig, 2018

